

Folksamt på opning av populære aktivitetstilbod.

01.04.2017



Frå opningskampen i sjakk mellom Haldor Tveit og duoen William Hjørnevåg og Elias J. Eide.

Det var mykje folk og stor aktivitet då dei nye aktivitetstilboda til Spar Uskedalen vart opna laurdag. Både på pentanquebanen og utesjakken gjekk spelet i eitt, og mange fekk delta. Den Blå Stolen var godt besøkt av borna, og mange fine bilete vart knipsa! I tillegg delte Spar Uskedalen raust ut med både kake, pølser, kaffi og brus.



Bente Nilsen ønskjer velkommen til opninga.

Etter at dagleg leiar ved Spar Uskedalen, Bente Nilsen, hadde ønskt velkommen, og hadde fortalt om bakgrunnen for at dei laga til dette aktivitetstilbodet, var aktivitetane i full gang. Særleg på pentanquebanen var det mange i ulike aldrar med i det kjekke spelet. Medlemmer i Stord Pentanque-klubb var på plass og forklarte

og lærte frå seg spelereglane. Banen var i dag delt i tre felt slik at flest mogeleg skulle vera med. Likevel var det så populært at dei måtte ta parkeringsplassen ved Oska i bruk til ei gruppe. Mange fekk verkeleg smaken på det kjekke spelet som passar for alle. Kanskje vert no pentanque like populært i Uskedalen som det er blitt på Stord?

Parallellt med dette føregjekk dette vart det utkjempa sjakkparti. Opningskampen var mellom nestoren i sjakkklubben, Haldor Tveit, og unggutane Elias Jensen Eide og William Hjørnevåg. Det var rett og rimeleg at dei fekk vera to på laget sidan dei var mykje yngre. Etter opningskamen var det 'meisterkamp' mellom Haldor Tveit og Ahmed frå Herøysundet. Etter eit spennande parti fekk den tidlegare somaliske meisteren sett inn det avgjerande trekket.

I det strålende vårveret med god temperatur kosa dei frammøtte seg. Nokre stod og såg på aktivitetane og andre sat på benkane ved borda. Alle kosa seg med pølser, kake, kaffi og brus som Gunn Mari Moberg og Kjersti N. Børve frå Spar Uskedalen delte ut. Samla vart dette ein fortreffeleg vårdag!

Dette tilbodet trur eg vil verta mykje brukt. Sjakkbrikkene står ute og dei må brukarane passa på i fellesskap. Pentanquekuler må ein ha sjølv, men dei får ein kjøpt billeg mest over alt. Med sin nærleik til Oska vert dette komplett. Dette må vera eit flott mål for ei firmagruppe og ein blåtur, til dømes.



Mange prøvde Den Blå Stolen.



Elias og William utfordra Haldor Tveit i sjakk



Haldor Tveit er på jakt etter det avgjerande trekket.



Ahmed frå Herøysundet viste seg å vera uslåeleg.



Både bestefar Knut Bringedal og barnebarnet Stella storkosa seg.



Geir Nilsen forklarar reglane i pentanque til ei ny gruppe deltakarar.



Svært mange deltok i pentanque-spelet.



Kristian Øvstebø i full konsentrasjon.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland